



Det psykologiske fakultet

Referanse

2017/2837-ØYSLA

Dato

27.03.2017

### UTDANNINGSMELDING 2016 IPED

Institutt for pedagogikk viser til brev frå fakultetet mottatt 21.02.2017 der presiseringane for kva utdanningsmeldinga for 2016 skal innehalde er skildra i desse tre kulepunktta:

- Utdanningskvalitet: Status for fremdrift av igangsatte kvalitetstiltak og vurdering av behov for nye, inkludert oppfølging av resultater fra Studiebarometeret. Orientering om gjennomførte programevalueringer i 2016 og status for revisjonsarbeidet i studieprogrammene. Vi ber også om informasjon om arbeid med økt gjennomstrømming og reduksjon av frafall i studieprogrammene.
- Portefølje og dimensjonering: Planer for endringer og dimensjonering av studietilbud og opptak.
- Oppfølging av handlingsplaner: Status for oppfølging av Handlingsplan for etter- og videreutdanning 2015-2017.

I 2014 utarbeidde Det psykologiske fakultetet «Strategiplan for økt studiekvalitet og styrking av instituttens fagmiljø 2014-2017», og instituttet sin medverknad i denne omfattande strategiplanen prega naturleg nok også mykje av studiearbeidsfokuset til instituttet i 2016, som den også vil gjere frametter.

Særskilt fokus for Institutt for pedagogikk i denne strategiplanen er etablering av BA-grad i spesialpedagogikk, styrking av eksisterande BA-grad i pedagogikk med oppretting av årsstudium i pedagogikk som første studieår av BA-pedagogikk, og ei styrking av MA-pedagogikk gjennom satsing på EVU-tilbod retta mot skule- og utdanningssektoren.

Hausten 2016 var det oppstart av både BA-graden i spesialpedagogikk og årsstudiet i pedagogikk. Både desse studia hadde høge søkartal og oppstarten har gått godt.

Samstundes med opprettinga av årsstudiet i pedagogikk flytta ein også dei reine pedagogikkemna i bachelorgraden i pedagogikk tidleg fram i studieløpet slik at fagtilhøyrigheten for studentane vart styrka på eit tidleg tidspunkt og fagprofilen vart tydlegare. Ein har også hatt ein tydleg satsing på å styrke studentkontakten og programtilhøyrigheten gjennom sosiale arrangement. Svakheitane som fagmiljøet tidlegare

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for pedagogikk  
Telefon  
Telefaks

Postadresse

Besøksadresse  
Christiesgate 13  
Bergen

Sakshandsamar  
Øystein Steine Larsen  
55584833

har identifisert gjennom systematiske evalueringar har såleis blitt retta på, og ser ein på resultatet frå Studiebarometeret 2016, har justeringane som har blitt gjort vore gode. Bachelorprogrammet i pedagogikk har hatt svært stor framgang her frå 2015 til 2016.

Instituttet arbeider vidare med styrking av lærarutdanninga ved UiB, i tråd med innføring av nye nasjonale rammeplanar for integrert lektorutdanning og PPU. UiB fekk i fjor tildelt nye studieplassar for både PPU- og lektorutdanning. Det var også oppstart av deltids-PPU for MNT-fag hausten 2016. 2016 vart såleis eit opptappingsår for pedagogikk i lærarutdanninga, og ein har gjennom fakultetsstyrevedtak fått auka staben med to nye førsteamanensisstillingar og to nye universitetslektorstillingar. Etter mange års arbeid frå instituttet si side fekk ein også i 2017 endeleg øyremerka studieplassar for psykologididaktikk, noko som gjorde at fakultet har fått moglegheiten til å tilsette ein fagperson i ei førstestilling i psykologididaktikk, og dermed understreke at me framleis vil ligge i førarsetet for å utdanne best mogleg lærarar for det stadig veksande psykologifaget i vidaregåande skule.

PPU nådde ikkje måltala for opptak i 2016. IPED arbeider aktivt for at UiB skal kunne ta opp fleire studentar og fyller opp studieplassane me er tildelt. I motsetning til kravet i Nasjonal rammeplan for PPU om å ha minst eit undervisningsfag for å kunne bli tatt opp til PPU krev UiB at ein må kvalifisere til opptak i minst 2 fag som UiB har fagdiddaktikk i. Psykologididaktikk har fått unntak frå dette opptaksravet og tilbyr ein einfagsmodell – noko som gjev oss betre rom for å fyller opp vår del av studieplassane på PPU og utdanne psykologilektorar og psykologilærarar. Fagkombinasjonar av psykologiemne for å kunne bli tatt opp til studiet er frå i år av også gjort mindre rigid enn tidlegare.

Deltids-PPU for MNT-fag starta opp hausten 2016. Dette var øyremerka midlar frå KD primært retta inn mot å kunne omskolere ingeniørar innan oljesektoren på Vestlandet til læraryrket. Etter oppstarten hausten 2016 har det vore eit relativt stort frafall av studentar. Det har vore utfordringar knytt mellom anna til NAV og til arbeidstid for studentane. Det er satt i gang undersøkingar for å klargjere årsakar og skildre løysingar for fråfallet.

Instituttet arbeider vidare med å styrke Program for Universitetspedagogikk. I løpet av 2016 vart det halde Basismodul (haust og vår) og ti påbygningsmodular, det var til saman 134 deltakarar innom på modular i regi av Program for universitetspedagogikk.

Hausten 2016 arrangerte Program for universitetspedagogikk sin andre læringskonferanse, denne gongen med Edward Deci, og her var det rundt 100 deltakarar.

Status for oppfølging av Handlingsplan for etter- og vidareutdanning 2015-2017: «Veilederstudiet», som me tilbyr lærar i partnerskulane UiB har avtale med, er frå hausten 2017 av inne som ein fast del av vår portefølje. I løpet av skuleåret 2016/17 tilbydde me påbyggingsmodulen «mentorutdanning», men denne hadde ikkje nok søkarar til å gjennomførast. Frametter vil ein difor primært satse på «Veilederstudiet». Skuleåret 2017/17 har me eit tilbod vidareutdanning i psykologididaktikk for psykologilærarar. Dette er eit prøveprosjekt finansiert gjennom PEK-midlar.

## Oppsummering

Utdanningsaktiviteten ved IPED vert vurdert som målretta og med utvikling i riktig lei. Med oppretting av fleire nye studietilbod og ei auke i talet på tilsette, har hovudfokuset vore å få

alt det nye opp å gå på ein god måte og samstundes arbeide vidare med å kvalitetsikre og forbetre vår eksisterande portefølje. Dette vil også bli hovudfokusset i 2017.

.

Venleg helsing

Rune Johan Krumsvik  
instituttleiar

Øystein Steine Larsen  
administrasjonssjef